

SØNDAG
4. OKTOBER 2009
BERGENS TIDENDE



KRONIKK: Hva
skjer i Sløvåg?
HEITI HÄÄL, SIDE 23

del 2

TETT PÅ:
24-kamp
på Osterøy
SIDE 6-7



«UNIKE KVALITETAR»: Å få tømt siloen gjorde eit djupt innhogg i økonomien til Bergen Arkitektskole, men rektor Marianne Skjulhaug gler seg no. Semesterstart vart feira her med brask og bram. Framover vil både studentar og publikum få tilgang til ein silo fylt med forskjellige kulturelle uttrykksformer, lovar Skjulhaug.

FOTO: MARIUS KNUTSEN

DYR SILODRAUM

Som ein gjærande verkebyll har siloen i Sandviken stått sidan Bergen Arkitektskole (BAS) kjøpte han for ti år sidan. I sommar brukte skulen 1,5 millionar kroner for å få ut forderva dyrefôr. »»»»»»



ROM SOM UTFORDRAR: – Dei andre arkitektkulane har vore litt misunnelege på oss på BAS (Bergen Arkitektsskole), fordi vi har lokale som vi kan gjere nesten kva som helst med, fortel rektor Marianne Skjulhaug. Men med siloen, som endeleg

SER GULL I BETONG

Stinkande, gjærande og fylt av korn. Byens nest styggaste frå utsida. No er siloen i Sandviken tømt, og Bergen Arkitektsskole (BAS) rykkjer inn i betongkolossen.

Rektor Marianne Skjulhaug ved Bergen Arkitektsskole (BAS) åtvarar idet ho låser opp den tunge jerndøra til siloen:

– Det luktar litt, seier ho, påfallande positiv.

Det er ikkje til å kome ifrå: Korn som blir ståande i lukka rom over fleire tiår, skiftar både form og farge, og utviklar etter kvart ein stram stank av ammoniak. Sjølv om kornet er fjerna, heng den godt i.

Byantikvaren skal ha kára bygget til det nest styggaste i byen. Men ifølgje arkitektsskulerektoren har kolossen rett nord for Neumannbygg i Sandviken ein heilt unik arkitektonisk kvalitet – innvendig.

Vi har åla oss gjennom arkitekturverkstaden på BAS for å sjå ein silo frå

innsida. Vi har lista oss forbi djupt konsentrerte avgangstudentar på overtid. Diplomatstillinga opnar om berre nokre få dagar, spenninga er, slik ein arkitektrektor kanskje ville sagt det, nesten substansiell. Difor går vi raskt og lydlaust forbi. Inn for å sjå på tomme rom.

DET RIV I NASEN der i inngangspartiet. Det er visst ingenting mot kva det var under arbeidet med å tømme kornlageret. For kornet var med på kjøpet då arkitektsskulen overtok bygningsmassen etter Storemøllen i 1999.

I botnen av betongsiloen pustar vi faktisk lettare. Vaktmeister Kjell Vidar Samdal går føre med lyskastar. Det er lågt under

taket, men til gjengjeld er golvflata på 600 m². Dei kraftige søylene, som skulle halde kornlageret oppe, står relativt tett. Så ser vi hola i taket. Over hovuda våre er trerampene som låg under 33 gedigne kornkammer fjerna.

Her er ikkje ei stripe av dagslys. Vaktmeister Samdal rettar lyset opp mot eit av kammerna. Det er som å sjå inn i ein avgrunn – til himmels.

Rektor er storfornøgd. – Vi har på ein måte funne gull. Dette er jo heilt Corbusier (ein av dei mest innflytelsesrike arkitektane i førre hundreår, journ.

anm.). Det ræe uttrykket, spelet, rett på, inga form for tildekking, her kan ein lese av flatene; korleis det er støypt, spor av forskalinga.

Skjulhaug snakkar om eit bygg som innbyr til å erfare arkitektur, i ei direkte form. Eit rom som kan utfordrast med fysiske øvingar. Og ikkje minst kan det fungere ypparleg som lyslaboratorium.

– Sjø dramatikken ein oppnår berre med ei lampe, seier ho og peikar mot skuggar som knekkjer og vrir seg langs vinkelret-

te flater på søyler, vegger, tak og hulrom.

– Og ein ting til, her er så vedunderleg reint og avklart!

OVERALT ELLES er BAS eit kreativt kaos. Arbeid går føre seg. Overalt. Nesten alt er lov så lenge det inngår i elevane sitt arbeid med arkitektur, og lokala er i evig transformasjon. Med siloen forholdet det seg annleis. Her skal flatene vernast, her skal ikkje settast spor. Det betyr ei anna tilnærming og arbeidsmåtar som er relevante for å forstå verdien av eksisterande kvalitetar på ein stad, i eit landskap eller i eit bygg.

Silokjellaren blei innvigd med høgtidleg og entusiastisk semesterstart. – Folk var så oppglødde

at det nesten overdøyvde delar av Maia Urstad sin flotte og eksperimentelle lydperformance, som nettopp tok utgangspunkt i det spesielle rommet, fortel Skjulhaug.

Ho senkar stemma eit par hakk og seier at eigentleg er det jo heilt forferdeleg for Sandviken, dette bygget – som blokkerer utsikta og tilgangen til sjøen.

– Men dersom vi fyller det med kulturopplevingar og opnar for publikum ...

– Vil det lette samvitet? – Eg har ikkje dårleg samvit! svarer Skjulhaug.

Ikkje berre arkitektsskulen, men også nabolaget har vore plaga av stank. På skulen sneik den seg inn overalt. I kantina gjekk



står klar for bruk, forhold det seg annleis. Den har unike kvaliteter som skulen vil verne. Her skal ikkje ein spikar i veggen, men rektor ser for seg allsidig bruk, som konsertar, utstillingar og eit laboratorium for arkitektoniske forsøk.



duft av vaffel og fjøs opp i ei høgare eining av miljø. Men det gjekk også rykte om gasslekkasjar i området. Det har i følgje Skjulhaug aldri vore tilfelle. Det var berre korn som rotne.

– Lukt er eit veldig sterkt sanseinntrykk, og noko som ein er heilt verjelous mot, seier Skjulhaug.

DELS VAR DET LUKTA, dels var det behovet for meir bolteplass som gjorde at skulen sette i gang arbeidet med å tømme siloen. 1200 kubikkmeter svart masse av rote korn blei fjerna i løpet av sommaren. Ein vanvittig jobb. Og ein dyr jobb.

– Det kosta oss halvannan million. og var

ein stor del av budsjettet vårt, seier arkitektskule-ektoren.

Som privatskule får ikkje BAS nokon løyvingar til lokale.

– Det var jo nesten som ei naturkatastrofe. Så vi har prøvd alt. Ringt departementet, sjekka med forsikringsselskap ... Men så langt ser det ut til at BAS må bere kostnadene aleine.

– Spørsmålet er kva vi gjer no. Skal vi prøve å tene pengar på lokala eller bruke det som ressurs for elevane. Eller helst begge deler. I denne prosessen skal vi skunde oss langsamt, seier Skjulhaug.

VI FÅR VERE MED heilt til topps. Først seks og ein



halv etasje opp i kornsiloen. Frå loftsetasjen med skråtak kunne ein fått ei fantastisk utsikt, seier Skjulhaug, og viser veg vidare i labyrinten. Inn gjennom «katedralen» i siloen på sjøsida, der andre og sjuande etasje er tekne i bruk til administrasjon og lager. Ute på taket på kornsiloen er det lettare å orientere seg og Sandviken openber-

rar seg frå ein ny synsvinkel.

– Er det ikkje flott! Med høge støvletter og kort skjørt går Marianne Skjulhaug med lange skritt på det glinsande svarte, regnvåte taket, medan vaktmeister Samdal held seg nærare veggen. Han studerer stigen, er litt skeptisk til at vi vil vidare opp. Men Skjulhaug vil



ARKIVFOTO: ØRJAN DEISZ

fakta

siloen i Sandviken

- Vart sett opp av Rieber & Søn A.S. på rekordtid i 1964, som lagringssilo for kraftfôrfabrikken på det som ein gong var Stoltzeneset.
- Kraftfôrfabrikken var landets største og mest moderne, produsert som byggjesett i Lübeck, montert i Sandviken i 1962.
- Årsproduksjonen på kraftfôrfabrikken kom opp i 50.000 tonn, til ein verdi av 50 millionar kroner.
- Frå første stund skapte oppføringa av kraftfôrfabrikken og lagringssiloen på Stoltzeneset stor debatt mellom antikvariske og estetiske interesser på den eine sida og næringsinteresser på den andre.

KJELDE: CARL O. GRAM GJESDAL: HISTORIEN OM EN BEDRIFT, RIEBER & SØN A.S.

gjerne ta oss høgare.

Det er slutt på trapper, no er det loddrette stigar som gjeld, og etter ei kort rådslaging mellom Skjulhaug og Samdal ber det vidare heilt til topps. Aldri har utsikta til Sandviken vore betre. Hegreneset, Maaseskjæret, Kristiansholm, Røtthaugen, Sandviken med sine institusjonar og bygningskompleks. Den runde, kvite kuppelen på takutspringet under oss får fantasien på glid. Rektor Skjulhaug tar han med ein gong.

– «Sky bar», ikkje sant?

INGEBORG KRISTVIK
MARIUS KNUTSEN (foto)
ingeborg.kristvik@bt.no